



# Land og bruk

Nummer 4 - 2013

September 2013

- nytt og nyttig for landbruksforvaltninga i Rogaland

Fylkesmannen i Rogaland, landbruksavdelinga

Redaktør: Sissel C. Endresen, telefon 51 56 89 60, e-post: sissel.endresen@fylkesmannen.no

## Nyttig informasjon

### Ledig stilling som assisterende landbruksdirektør

Fylkesmannen vil i løpet av kort tid lyse ut stilling som ass. landbruksdirektør. Følg med på nettsidene våre under [Ledig stilling](#).

### Fagsamling om jordlova

Tysdag 26. november arrangerer vi fagsamling om jordlova. Tema blir mellom anna bakgrunn for lovendringa og praktisering av endra jordlov og bruk av det nye jordlovrundskrivet.

Vi får med førelesarar både frå LMD og SLF. I tillegg vil to kommunar bli utfordra til å seie noko om busettingsomsyn og vurderingar ved frådeling tilleggsjord.

## Personalendringar

### Permisjon

**Anfinn Rosnes** er frå 1. november innvilga eitt års permisjon frå stillinga som ass. landbruksdirektør.

### Prosjektstilling

**Christer Andersen** er frå 1. september tilsett i Rogaland landbruksselskap som prosjektleiar for prosjektet Bioenergi Rogaland. Prosjektperioden er førebels ut desember 2013.



*Deilige høst! Min sjel er viet til den, og hvis jeg var en fugl, ville jeg fly over jorden på jakt etter kommende høster.*  
George Eliot

## Arrangementskalender

### 2013

#### 26. september

#### **Kurs i bruk av rekneskap for å vurdere driftsfellesskap**

Stad: Statens hus, Stavanger

Kontaktpersonar: Bente E. Halvorsen og Sissel C. Endresen

#### 11.-13. oktober

#### **Agrovisjon 2013**

Stad: Stavanger Forum

#### 16. oktober

#### **Arrangement i samband med Verdás Matvaredag**

Kontaktperson: Bjørn S. Berg

#### 23. oktober

#### **Dialogmøte**

Stad: Statens hus, Stavanger

Kontaktperson: Bente E. Halvorsen

#### 7. november

#### **Kurs i skriving av prosjektsøknader**

Stad: Statens hus, Stavanger

Kontaktperson: Aart Magnussen

#### 26. november

#### **Fagsamling om jordlova**

Stad: Statens hus, Stavanger

Kontaktperson: Iris-Adele Berg Jess

#### 27. november

#### **Infomøte for nytilsette i kommunal landbruksforvaltning**

Stad: Statens hus, Stavanger

Kontaktperson: Bente E. Halvorsen

### 2014

#### 11.-12. mars 2014

#### **Landbrukskonferansen 2014**

Stad: Rica Maritim Hotel, Haugesund

Kontaktpersonar: Bente E. Halvorsen og Sissel C. Endresen

## Landbruksdirektørens hjørne



### Folket har talt – kva nå?

v/Hadle Nevøy

Då resultatet av Stortingsvalet den 9. september var klart utpå natta, gjorde statsminister Jens Stoltenberg det klart at den raudgrøne regjeringa vil søkje avskil etter at dei har lagt fram forslag til statsbudsjett for 2014 i Stortinget den 14. oktober.

At dei raudgrøne partia ville tape regjeringsmakta etter 8 år i regjering var inga bombe. Heller ikkje var det uventa at Høgre ville bli det største partiet på borgarleg side, og at Erna Solberg kjem til å få oppdraget med å danne ny regjering. Meir uvisst er det korleis ei ny regjering blir sett saman og kva for påverking dei andre borgarlege partia vil få på den politikken som ei ny regjering vil føre på ulike område.

Alle som er interesserte i politikk, om det gjeld landbrukspolitikk, distriktspolitikk eller andre politikk-område, går ei spennande tid i møte. Det vil bli endringar, så mykje er sikkert. Spenninga i vekene framover vil fyrst og fremst vere knytt til kva for samfunnsområde som raskast vil merke endring, og kor omfattande endringane vil bli.

Skal vi tru det som står i skrive i dei ulike parti-programma, og på det som var sagt både gjennom valkampen og i debattar tidlegare, må landbruket vere førebudd på krevjande endringar i politiske rammevilkår. Stoltenbergregjeringa si utnytting av handlingsrommet innafor den gjeldande WTO- avtala, med positiv endring av tollregimet på viktige jordbruksprodukt, vekte som kjent stor harme i nokre EU- land, ikkje minst i Danmark. Kritikken på heimebanen, frå dei partia som no har fleirtal på Stortinget, var like krass og det blei lovd at tollgrepet skulle reverserast straks dei kom inn i regjeringskontora. Så får vi berre vente og sjå om så skjer.

Effektivt tollvern er ein viktig føresetnad for å kunne ta ut marknadsprisar på jordbruksprodukt som både dekker produksjonskostnadar og som i tillegg gir rom for eit fortent vederlag for den arbeidsinnsatsen som bøndene utfører. I tillegg har fleire av partia bak det nye fleirtalet vist monaleg mindre vilje enn Stoltenberg til å bidra med budsjettengar for å gi bøndene inntektsmoglegheiter på nivå med andre yrkesgrupper. Det ser derfor ikkje lyst ut for dei som skal produsere mat og anna samfunnsnytte frå landbruket dei komande åra.

Men, det har også tidlegare hendt at endringane i praktisk politikk likevel ikkje blir så dramatiske som ein kunne vente ut frå det som på førehand var sagt. Balansen i regjeringa mellom dei mest sentrumsorienterte kreftene og kreftene yttarst på høgreflanken vil ha mykje å seie for kor omfattande endringar regjeringa vil gjere. Denne balansen vil også ha mykje å seie for kva utslag regjeringsskiftet vil ha på finanspolitikken.

Vidareføring av det låge rentenivået som vi har hatt dei siste åra kan ikkje sikrast gjennom direkte vedtak i Stortinget. Mange utanforliggende faktorar påverkar renta, ikkje minst tillit til stabil og føreseieleg offentleg styring. Auka rentenivå kan bli krevjande for mange, ikkje minst for dei mest investeringsvillige og ekspansive bøndene.

Eg vil ikkje og skal ikkje male framtida svart. Norsk landbruk har høg tillit i samfunnet, noko som kjem klart fram i målingar gjort over lang tid. Folk skal ha mat. Trygg eigenprodusert, kortreist/ureist mat står sterkare enn før som førsteval til store og veksande forbrukar-grupper.

Velstelte kulturlandskap er eit samfunnsgode som mange gler seg over, og som gir grunnlag for at turistar frå andre deler av verda kjem hit og legg grunnlag for verdiskaping i mange næringar. Arbeidet gjer seg ikkje sjølv, og det er ingen andre som gjer dette arbeidet betre og billigare enn bøndene gjennom å halde beitande husdyr og hauste gras til fôr.

Det er brei internasjonal semje om at skog er viktig for å redusere klimautsleppa. Nyleg la Miljødirektoratet, Statens landbruksforvaltning og Skog og landskap fram ein felles rapport med felles tilråding av kva for areal som er eigna for skogplanting etter avveging av omsyn til klima, naturmangfald og andre miljøverdiar og næring. Ein viktig føresetnad for å nå mål om auka CO<sub>2</sub> fangst og lagring i skog er at vi har bønder og skog-eigarar som er motiverte til å drive god skogskjøtsel.

Det er ikkje mangel på oppgåver i landbruket. Tre av partia som i desse dagar deltek i drøftingar om å danne ny regjering har vore i regjering tidlegare. Vi må tru og ha tillit til at dei forstår at det ikkje er mogeleg å oppretthalde og vidareutvikle dei godane som landbruket forsyner samfunnet med utan å sikre at dei som gjer det daglege arbeidet har tilfredsstillande rammevilkår.

Kommunane har ei svært viktig oppgåve i å gjere verdien av landbruket godt synleg. Vi som er tettast på landbruksnæringa har ei spesielt viktig pådrivarrolle i dette arbeidet..

Lukke til!

## Snart frist for å søkje Regionalt miljøprogram

**1. oktober er like om hjørnet, og vi ønskjer kommunane lykke til med arbeidet med RMP.**

I skrivande stund er 152 søknadar i motteke i eStil. Det er ein liten del av eit forventna søknadsomfang på om lag 2100 søknadar. Det seier oss at mykje godt arbeid ligg enno att ute i kommunane før vi er i mål.

Ta i første rekke kontakt med Monica Dahlmo eller Else Fredheim Hodne dersom de har spørsmål! Vi viser til informasjon og rettleiing som er sendt tidlegare, og informasjon på heimesida vår. Stoff om RMP ligg under [Landbruk og mat/Miljøtiltak/tilskot til miljøtiltak](#).

De kan først etter søknadsfristen 1. oktober starte arbeidet med å handsame søknadane. Søknadane må vere godkjende av kommunen innan 5. desember. Dei kommunane som ikkje har fått opplæring i bruk av eStil må ta kontakt viss de treng hjelp av oss.

Tidlegare var det Fylkesmannen som trekte ut føretak til kontroll. No er det de i kommunane som må gjere jobben. Valet skal, på same måte som for produksjonstilskot, vere risikobasert. NB! De må trekke ut føretak til kontroll FØR søknaden er godkjend. Vi vil kome med ønska kontrolltema i eit eige skriv.

Nytt i år er tilskot til bevaringsverdige husdyrassar. Vi minner om at sau MÅ vere registrert i sauekontrollen med låst rasekode. Vi vil få oversikt frå sauekontrollen som viser dyr per føretak. Denne vil vi sende vidare til kommunane. Vi ber også kommunane vere merksame på at mange truleg vil føre opp vanleg sau under "beite i utmark", "sau/geit". Denne ordninga gjeld berre ammegeit.

Som vi alle veit er mykje nytt i årets RMP, og vi er spente på søknadsomfanget. Dei førebelse satsane er difor meir usikre enn normalt. Rundt 14. desember vil det vere møte i prosjektgruppa, og der vil vi sette satsane.

Kontaktpersonar: Monica Dahlmo og Else F. Hodne



Foto: Nono Dimby



Foto: Sissel C. Endresen

## ”Godt Bondevett”

**Psykisk helse i og for landbruket blir no sett på dagsorden. 8. oktober blir det lansert ein ny nettstad om psykisk helse i og for landbruket.**

Under Agrovisjon blir det arrangert eit ope møte der psykisk helse i landbruket er tema. Møtet blir arrangert **laurdag 12. oktober kl. 13-15** i Haltenrommet i 2. etg. i Stavanger Forum.

### Program

- **Psykisk helse på dagsorden i landbruket** v/leiar i Rogaland Bondelag Ole Andreas Byrkjedal og landbruksdirektør i Rogaland Hadle Nevøy
- **Når eins største styrke blir ein svakheit** - om psykisk helse i landbruket v/psykolog Trond Løkling
- **Bondens fem om dagen** - om grep som kan gjere ein forskjell i kvardagen v/Generalsekretær i Rådet for psykisk helse Tove Gundersen
- **Godtbondenvett.no** - om landbrukets arbeid v/Norges Bondelag

Oppsummering og tid for spørsmål og diskusjon.

Møtet er ope og det er gratis for alle deltakarane på Agrovisjon.

Av omsyn til bevertning er det påmelding innan 9. oktober til [rogaland@bondelaget.no](mailto:rogaland@bondelaget.no).

Nettstaden [Godtbondenvett.no](http://Godtbondenvett.no) blir lansert av Norges Bondelag i samarbeid med Norsk Bonde- og småbrukarlag og Landbrukets HMS-teneste.

## Oppfølging av foryngingsplikta etter hogst

**Manglande forynging etter hogst har fått mykje politisk merksemd dei siste åra, og overordna skogstyresmakter har innskjerpa kravet til kontroll og oppfølging av den enkelte hogstflate.**

### Nytt registrerings- og oppfølgingsopplegg

Den ekstraordinære kontrollen etter hogst av gran blir vidareført. Statens landbruksforvaltning har i år utvikla eit eige registrerings- og oppfølgingsopplegg i ØKS (Økonomisystemet for skogordningene). Fordelen med dette nye registreringsopplegget er betre oversikt – all ekstraordinær kontroll samla på ein plass. I tillegg vil det bli enklare å følgje opp dei ulike hogstfeltene med forslag til brevular, registrering av kontrollskjema og dokumentasjon på kva som er gjort av tiltak, behov for vidare oppfølging m.m..

### Kurs

Vi har nyleg halde kurs for alle kommunane i prose-dyrar og registreringar i ØKS, både for den ordinære resultatkontrollen og ekstraordinær kontroll etter hogst.

### Resultat og oppfølging av gjennomførte kontrollar

Resultata frå kontrollen i 2011 og 2012 viser ein positiv utvikling ved at arealet som er tilfredstillande forynga har auka og arealet som går ut av skogproduksjon er redusert. Likevel viser resultata for begge

åra at det framleis er stort behov for oppfølging på over 50 % av kontrollert areal – sjå fig. 1 og 2 under.

Det er viktig at kommunane prioriterar og sett av tid til å følgje opp tidlegare kontrollfelt til endeleg resultat er avklart. Det er blant anna utarbeidd malar for skriftleg oppfølging for å sikre ryddige prosessar og eit minimum av skriftleg dokumentasjon for handheving av foryngingsplikta/slutføring av tidlegare kontrollfelt, dvs. anten planter i jorda eller godkjent omdisponering. Det er i tillegg utarbeidd eigne retningslinjer for omdisponering av skogareal til jordbruksformål.

### Førebyggjande tiltak


Samstundes som det no er avgjerande viktig å følgje opp enkeltsaker, bør kommunane også informere meir generelt om ansvaret skogeigaren har for å sikra forynging etter hogst og om det kontrollarbeidet kommunen har sett i gong. Slik informasjon kan verka førebyggjande. Aktuelle kanalar er lokalaviser, kommunen sine nettsider osv.

Det viktigaste er kanskje å vere i forkant. Ved kontrolltidspunkt 3 år etter hogst er ein allereie på etterskot, spesielt i forhold til ugrasproblematikk. Gode rutinar og systematisk oppfølging tidleg mot skogeigarane vil gi resultat.

Kontaktperson: Stein Bomo

## Resultat ordinær- og ekstraordinær kontroll 2012

Total areal kontrollert 1378 daa. Hogstfelt fra 2009.




- Godkjent omdisponert
- Under omdisp
- OK forynga
- ikkje tilfredstilland forynga
- Ikkje forsøkt forynga

Figur 1

## Resultat ordinær- og ekstraordinær kontroll 2011

Total areal kontrollert 1614 daa. Hogstfelt fra 2008.



- Godkjent omdisponert
- Under omdisp
- OK forynga
- ikkje tilfredstilland forynga
- Ikkje forsøkt forynga

Figur 2

## ”Til for bonden”

Frå 1. september er vakttelefonen «Til for bonden» på plass.

Når utfordringane med å vere bonde blir for store, rammar det både den enkelte bonde, men og familiar og andre som står bonden nær. For dei som slit, er det no kome ein stad å ringe for å få hjelp.

På nummeret **950 09 000** får ein snakke med ein telefonvakt som kan hjelpe deg vidare eller som kan hjelpe der og då. Vaktene er sjølv erfarne bønder og de har teieplikt.

Dette lågterskeltilbodet er gratis og er meint som hjelp til bønder som har vanskar i kvardagen. Bak tiltaket står Norsk Landbruksrådgiving, Landbrukets HMS, Jæren bedriftshelseteneste, Rogaland bondelag og Fylkesmannen i Rogaland.

For meir informasjon, les brosjyren om «[Til for bonden](#)».

Kontaktperson: Aart Magnussen



Foto: Nono Dimby

## Oppstart av prosjekt Bioenergi i Rogaland

**Det er gjort avtale med Christer Andersen om å vere prosjektleiar for prosjektet Bioenergi Rogaland. Hovudføremålet med prosjektet er å få aktørar innan landbruket, offentlege instansar og utbyggjarar til å vurdere bioenergi som varmekjelde.**

I første omgang har Rogaland landbruksselskap gjort avtale med Christer Andersen frå 1. september 2013 og ut året, medan det er tenkt ei vidare prosjektsatsing frå og med 2014. Framtidig organisering av arbeidet vil bli avklart i løpet av denne prosjektperioden. Alt ligg no til rette for at vi skal få til eit auka fokus på bioenergi, som også viser resultat.

Kontaktperson: [Christer Andersen](#) - tlf. 916 25 665

## SMIL-tilskot til hydrotekniske tiltak

**Formålet med SMIL-tilskot til hydrotekniske tiltak er i hovudsak å gje støtte til tiltak som kan redusere ureininga frå jordbruket utover det som kan forventast gjennom vanleg jordbruksdrift.**

Døme på hydrotekniske tiltak innanfor SMIL-ordninga er utbetring av enkeltpunkt for å redusere erosjon. Konkrete tiltak det kan gis støtte til er øydelagde kummar og røyrutløp, etablering av avskjeringsgrøfter, gjenopning av lukka avløp og steinsette kanalar. Lukka avløp må ha dimensjon 6 tommar eller større.

Krav som blir stila til ein SMIL-søknad er arbeidsbeskriving, kostnadsoverslag, miljøplan trinn 2 og skriftleg godkjenning frå naboar som kan bli råka av tiltaket. Ver merksam på å sikre at tiltaket ikkje skapar vassproblem for lågareliggjande nabogardar.

Det kan på same areal ikkje løyvast tilskot til drenering samstundes som det blir løyvd SMIL-tilskot til hydrotekniske tiltak. Når det gis tilskot til drenering av eit areal, skal avskjeringsgrøfter, naudsynte kummar, utløp o.l. inkluderast i sjølve grøfteplanen. Lukka avløp som blir direkte påkobra sugegrøfter er til dømes eit reint dreneringstiltak medan lukka avløp til ein samleikum for drenerør frå bakanforliggjande areal er meir eit hydroteknisk tiltak.

### SMIL-søknad

Kommunen kan innvilge tilskot med inntil 70 % av kostnadsoverslaget og arbeidsfristen settes normalt til 3 år. Det bør opplysast i søknaden om kva venta effekt tiltaket vil ha for erosjon og avrenning av næringsstoff kring areal som blir omfatta av tiltaket.

Kontaktperson: Nono Dimby



Foto: Nono Dimby



Foto: Leif Trygve Berge

## Drenering og tilskot til drenering av jordbruksjord

God drenering er avgjerande for god drift og for å auke produksjon av mat i åra som kjem. I mange tilfelle kan gode dreneringstiltak gje mindre erosjon og avrenning til vassdrag. Godt drenert jord gir òg mindre tap av klimagassar samanlikna med dårleg drenert jord. Drenering er òg eit viktig ledd for å tilpasse jordbruket til eit klima med meir nedbør i framtida.

Den 25.06.2013 vedtok Landbruks- og matdepartementet "forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord". 5,1 millionar kroner til dreneringstiltak er fordelt til kommunane etter innmeldte behov og etter kor mykje dyrka jord med gras og grønsaker dei har.

### Det kan givast tilskott til ulike former for drenering på tidlegare drenert jord

- Tilskotssatsane er 1 000 kr/daa ved systematisk grøfting inkludert profilering omgraving.
- For usystematisk grøfting inkludert avskjeringsgrøfter er satsen 15 kr/meter.
- Berekna tilskott under 3 000 kr per søknad blir ikkje utbetalt.

### Søknad om tilskott til drenering skal sendast til kommunen på fastsett søknadsskjema

- Eigar og leigar av tidlegare grøfta jord kan søkje om tilskott.
- Meir informasjon om ordninga og korleis ein skal søkje finn ein på [nettsidene til Statens landbruksforvaltning](#).
- Ein dreneringsplan med kart og miljøplan trinn 2 må sendast inn saman med søknaden.
- Hent gardskart på følgjande adresse: <http://gardskart.skogoglandskap.no>.

## Dreneringsplan

- Planen skal gi miljøinformasjon om, - og verknaden av dreneringstiltaket.
- Sjølv om du kan sette opp planen sjølv anbefaler vi å bruke fagfolk til planlegginga.
- Kontakt kommunen viss du treng råd om innhald i planen.

## Kommunen skal handsame søknader om tilskot til drenering

- Kommunen kan fastsette sin eigen søknadsfrist.
- Tiltak som er påbegynt før tilskot er løyvd kan ikkje få tilskot.
- Dreneringstiltak i intensive landbruksområde med sårbare vassdrag skal prioriterast.
- Kulturminneforvaltninga i fylkeskommunen skal uttale seg i saker der tiltaket kan få konsekvensar for automatisk freda kulturminne. For mindre private tiltak under 100 dekar, vil eventuelle kostnader til forundersøkingar bli dekkja av staten.

## Fagstoff om drenering

- Eit faghefte om praktisk drenering er distribuert til bønder som søker om produksjonstilskot.
- Dette [fagheftet er også lagt ut på våre nettsider](#).

Kontaktperson: Nono Dimby

